



Saksframlegg

Budsjettendringssak nr 2 - hausten 2020

Samandrag:

Herøy kommune har fått i overkant av 6,0 mill i koronamidlar som ikkje er fordelt. I denne saka rår ein til at 6,0 mill går til å styrke rammene til mange ulike avdelingar slik at samsvaret mellom budsjett og rekneskap blir litt betre.

Samstundes nyttar ein høvet til å regulere vedlerlagsinntektene på sjukheimane og nytte desse midlane til å regulere budsjetterte utgifter knytt til medisinske forbruksvarer, medikament og vaskeritenester.

Kommunedirektøren si tilråding:

Ein rår til at budsjettendringane vert vedteke slik dei går fram av saksopplysninga og vedlegga i saka

Saksopplysningar:

Kommunen sitt økonomireglement gir føringar for når ein skal gjere budsjettendringsvedtak i politiske fora. For dei største avdelingane er det når dei reelle inntektene vert 5% over dei budsjetterte og for dei minste avdelingane er det ein sett ei avgrensing til at slik endring skal skje når dei reelle inntentene vert meir enn kr 100.000,- over dei budsjetterte.

I framlegget til vedtak har vi bak linjene sett opp eit nr og ei stjerne, slik 1*. Dett for at kvar einskild endring skal grunngjevast kvar for seg.

Herøy kommune har fått ein del midlar i samband med Koronapandemien. Kommunestyret har allereie vedteke korleis vedlikehaldsmidlane skal fordelast/brukast til.

Denne saka er delt i 3 delar.

Den første gjeld regulering av utgifter i avdelingane knytt til Korona.

Vi har tatt utgangspunkt i det som er utgiftsført med spesifikasjon 7000 Korona og fordelt ut 6,0 mill kr til mages ulike ansvar. Kommunedirektøren tilråd at avdelingar/ansvar som har hatt meir enn kr 25.000,- i utgifter får kompensert 80% av kostnadane. Unntaket er ansvar 3132 (felles legevakt som får auka sitt budjett med Herøy sin del av kostnadane.

Tidlegare har kommune regulert desse koronamidlane med redusert bruk av disposisjonsfondet. No tilråd ein at ein belastar disposisjonsfondet med kr 6.000.000,- for å dekke opp delar av meirkostnadane ute i organisasjonen.

Den andre saka gjeld regulering av vederlagsinntektene i pleie- og omsorgsavdelinga.

Vederlagsinntektene ser i 2020 ut til å bli om lag kr 2.435.000,- høgare enn budsjettert ved dei 5 sjukeheimsavdelingane i kommunen. Meirinntektene varierer frå omlag kr 250.000,- til nær kr 700.000,-.

Vi ser at kostnadane i pleie- og omsorgsavdelinga blir mykje høgare enn budsjettert og vi vel difor å fordele meirinntektene på 3 ulike budsjettpostar. Det gjeld konto 11100 Medisinske forbruksvarer, konto 11140 Medikament og 12600 Reinhold og vaskerikostnadar.

Den siste delen gjeld grunnskuleavdelinga og meir inntekter knytt til ulike statstilskott.

Avdelinga har fått om lag kr 205.000,- til tiltak retta mot sårbare barn. Vi har regulert denne meirinntekta mot auka lønsutgifter.

Så har avdelinga motteke om lag kr 280.000,- som eit øyremarka statstilskott til innkjøp av læremiddel. Desse midlane rår vi til vert avsett til eit bunde driftsfond då nye læremiddel i samband med Fagfornyinga enno ikkje er klare.

Vurdering og konklusjon:

Kommunen har fått ein del midlar i samband med Koronapandemien. Nokre av desse midlane er fordelt ut tidlegare. No ynskjer kommunedirektøren å auke avdelingane/ansvara med 6,0 mill kr der det meste går til å dekke meirkostnadane innan legetenesta. Ei slik endring gjer at avdelingane/ansvara ikkje får så store meirkostnadar i høve budsjettet som dei elles ville ha fått.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Konsekvensar for folkehelsa:

Miljøkonsekvensar:

Økonomiske konsekvensar:

Beredskapsmessige konsekvensar:

Konsekvensar for barn og unge:

Trond Arne Aglen
Kommunedirektør

Geir Egil Olsen
Økonomileiar